

Møtebok for Vestre Slidre fjellstyre

Arkiv nr: 232, 335.2

VESTRE SLIDRE FJELLSTYRE



Sak nr 14/2023

Møtedato: 13.06.2023 Møtestad: Buaråne

Saksbehandlar: Kenneth Monsen

Omlegging av skiløype ved Prøvenstølen

Det er motteke ein søknad frå utbyggjarar i Nord-Aurdal, der dei ber om at skiløypa som går mot Gomobu vert vurdert flytta meir inn på grunn i Vestre Slidre då dei har fått godkjent tomteutbygging på deira grunn.

Dette er ei sak som Statskog avgjer, etter at dei har høyrte fjellstyret i høve til bruksberettiga sine rettigheter.

Dette vart sendt på høyring med frist for uttale 16.05.2023, der ein bad om uttale på kva verknad det kan ha på landbruksdrift knytt til prøvenstølen, om skiløypa vert lagt om og plasserast mellom stølsjorde/prøvenstølen og kommunegrensa.

Det er ikkje motteke noko høyringsuttaler.

Vurdering:

Ein kan ikkje sjå at dette har vesentlege negative verknader for området/beite-ressursar eller nærliggande stølar. Med utgangspunkt i dette tilrår ein fjellstyret å vera positiv til forslag til omlegging av skiløype.

Forslag til vedtak:

Fjellstyret i Vestre Slidre er positiv til omlegging av skiløype ved Gomobu, jfr vedlagt kart til saka.

Vedtak:

Fjellstyret i Vestre Slidre er positiv til omlegging av skiløype ved Gomobu, jfr vedlagt kart til saka.

Vedtaket er samrøystes.

Tilråding/uttale frå fjellstyret er ikkje enkeltvedtak jf. forvaltningsloven og det er derfor ikkje klagerett over vedtaket.

Vestre Slidre fjellstyre den 13.06.2023

Kenneth Monsen
sekretær

Utskrift:
Statskog
Vestre Slidre kommune
Prøven-Stølen